

# INNSPEL TIL REGIONAL TRANSPORTPLAN

## Sogn regionråd sine prioriterte samferdsletiltak

### Fylkesveg 55

- Fv. 55 er ein regional hovudveg og viktig for pendlarar i ein felles bu- og arbeidsmarknad.
- Sogn regionråd prioriterer utbetring av strekningane Sogndal-Luster, Dragsvik-Balestrand og Tronvik-Ulvåna.

### Rassikring


- Sogn regionråd støttar framlegg til prioriteringsliste over skredsikringstiltak med fv. 53 Jåteli som nr. 2 på lista, fv. 55 Kjenes som nr. 3 og fv. 92 Arnafjord som nr. 5. Vi forventar at tiltaka beheld si plassering på denne prioriteringslista.
- Fylkeskommunen bør arbeida aktivt for auka løyvingar til skredsikring for fylkesveg og riksveg.

### Kollektivtrafikk

- Om ein lukkast med å få fleire til å reise kollektivt vil det gje moglegheiter for auka inntekt som igjen kan brukast til å få fleire kollektivruter.
- Gode overgangar privatbil og kollektivtilbod kan virka positivt på å få endra folks reisevanar.



©Geir Løvbukt



### Gang- og sykkelveggar

- Nye prosjekt i tilknytning til skular bør prioriterast.
- I planperioden ligg det inne eit investeringstiltak i Sogn (fv. 271 Ofta aust-Sviggum).
- Ved auka rammer bør det investerast i fleire strekningar i sogneregionen.

### Reiseliv

- 800 000 overnattingsreisande årleg i fylket og 375 000 i sogneregionen. I tillegg kjem dagsreisande og gjennomreisande.
- Transportplanen bør innehalde ein strategi for korleis transport- og infrastrukturtiltaka saman med ruteproduksjonen kan bidra til å leggja til rette for styrking av heilårs reiseliv i fylket.


## Statleg transportansvar

### Rv 13 Vikafjellet

- Med ny region på Vestlandet blir det enno viktigare å prioritera oppstart av Vikafjellstunnelen.
- Utgreiing for kostnadsregulerande tiltak er vedteke i nasjonal transportplan.
- Prosjektet bør inn i NTP sitt handlingsprogram for 2018. Realisering av Vikafjellstunnelen bør vera med som ein strategi i RTP punkt 9.4.

### Regionale flyruter

- Sogn regionråd støttar fylkeskommunen sin strategi om at Samferdselsdepartementet framleis skal ha ansvar for kjøp av regionale flyruter.



*Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Samferdsle er eitt av rådet sine satsingsområde og kommunane har samla seg om felles prioriteringar innan samferdsle.*



**SOGN REGIONRÅD**

Postboks 153, 6851 Sogndal  
[www.sogn.regionraad.no](http://www.sogn.regionraad.no)